

## INNHALD

1. Leiar har ordet
2. Styre og stell 2002
3. Medlemskontingent 2002
4. Lån frå medlemmane til klubben
5. Siste om bygging av klubbhus/naust
  - Ståa no
  - Finansiering
  - Dugnad folkens, dugnad!
6. Kurs
  - Utdanning av instruktørar
  - Grunnkurs i regi av SKK
7. Lån og leige av kajakk
8. Trening
9. Turprogram
10. Nytt blad om padling
11. Sommarleir for havpadlarar
12. Referatsaker
  - Årsmelding for 2001
  - I. Økonomi pr. 31.12.2001
  - II. Referat frå årsmøtet 21.02.2002
  - III. Referat frå medlemsmøte 21.02.2002

**1. LEIAR HAR ORDET**

Dette blir ein spesiell sesong i SKK si historie. Bygging av klubbhus står for døra. Det kan bli noko hektisk å få dette til, men kjekt skal det bli. Det blir spanande å sjå om klubbhuset vil føre til at fleire blir aktive. Eit samlingspunkt blir det i alle fall. Så blir det opp til oss å bruke det flittig. Meir om dette lenger nede.

Leiar må be om orsaking for at informasjonen til medlemmane har vore dårleg/sein i vår. Men slik blei det og det same må seiast om fornying av medlemskontingent. Så ver snill og ikkje ver like sein som eg har vore. Vi er i manko for cash.

Det er uvisst om nokon har reagert på det, men like fullt så må vi konstatere at klubben har vorte driven noko topptungt sidan starten. Vi arbeider med å gjere noko med dette, og ein start er å opprette undergrupper som skal arbeide med eigne arbeidsområder. Desse undergruppene er ikkje som styret for klubben, statiske med omsyn til kven som er med. Viss du har lyst til å vere med, er du svært velkomen til det. Også fordi det er mykje same folka som går igjen, så nøl ikkje med å vise interesse for å bli med.

**2. STYRE OG STELL FOR 2002**

Styre for klubben er som fylgjer for 2002

- Rune Berge** (leiar, som før)
- Laila Hjellvoll** (nestleiar, tidl. styremedl)
- Terje Hanekam** (kasserar, ny)
- Tove Bjørnseth** (ny)
- Terje Sæle** (Tidl. vara)
- Geir Alden** (ny vara)

Undergruppene/Arbeidsgruppene er førebels som følger:

**Turgruppe:** Reidar Barthel (leiar), Roald Apalseth, Laila Hjellvoll og Karna Lise Bloch Hanekam.

**Heimesidegruppe:** Roald Apalseth(leiar), Laila Hjellvoll og Terje Hanekam

**Materiellforvaltningsgruppe:** Tore Gjelsvik(leiar) og Rune Berge.

### 3. MEDLEMSKONTINGENT 2002

Kontingenten blir i år som i fjor, kr. 200,-

Ver snill og betal den så fort som råd til konto: 0533 21 97101

### 4. LÅN FRÅ MEDLEMMANE TIL KLUBBEN

Som det har vore sagt ved tidlegare høve, så har klubben lånt litt kapital av leiar. Dette vart gjort i fjor for å finansiere kjøp av to kajakkar laga og levert av Kjartan. I tillegg valte vi å kjøpe inn utstyr for at vi skulle kunne gjennomføre kurs. Dette besto av neopren våtdrakter, neopren sko, vestar, spruttrekk og årer. Utstyret var og del av opprettinga av kajakkbasen vi har fått til i samarbeid med FYK. (Du kan lese meir om dette i Årsmeldinga.) Så i fjor blei det underskot og dermed blei det etterslep og på driftssida. Alt i alt har lånet til Rune Berge komt opp i kr. 17.212,70. Vi får dekka ein del gjennom medlemskontingent og eventuelle kulturtilskot, men vi kjem uansett ut i manko.

Spørsmålet om låneopptak hos medlemmane har blitt tatt opp på fleire møter, inklusive årsmøte, og det har vore uttrykt vilje og interesse for å ordne opp i situasjonen på denne måten.

Det er snakk om eit kortsiktig lån over eit år. Det vi ynskjer no er å få konkret tilbakemelding frå medlemmane. For å få fortgang i å få dette til, vonar vi at du er rask til å gi melding om du vil vere med og avhjelpe situasjonen. Vi ser føre oss at dei som kan og vil, stiller kr. 500 - kr. 1000 til disposisjon. Vi lagar til eit dokument som viser låneopptaket (ikkje tinglysing) som kvar vil få tilsendt.

**Så folkens, ta kontakt med underteiknande (eller ein av dei andre i styret) for å melde frå om at du er med.**

Vi vonar det er nok med ei slik generell oppmoding for at dåke skal hugse på å melde frå.

For å gjere det enkelt, så får du nokre alternativ til leiar:

**Adresse:** Rune Berge, Frammarsvik, 6817 Naustdal

**E-post:** [rune.berge@leikemiljo.no](mailto:rune.berge@leikemiljo.no)

**Telefon:** 57 81 85 10 / 99 20 50 90

**Faks:** 57 81 85 11

### 5. SISTE OM BYGGING AV KLUBBHUS/NAUST

#### Ståa no

Klubbhuset er no byggemeldt og godkjent. Avtale om plassering er gjort med Førde Båtklubb, så alt er no kl formelt i orden når det gjeld løyve til å bygge. Det blir ca. 90 m<sup>2</sup> å boltre seg på. Ca 35 m<sup>2</sup> blir garasje til kajakkhengaren, kajakkane og utstyret i kajakkbase-prosjektet. Resten blir til klubben sine kajakkar og utstyr. Det blir og 10-12 plassar som medlemmane kan leige for sine kajakkar.

#### Finansiering

Totalbudsjettet er på ca. 290.000 (svimlande stor sum). Av dette har vi kr. 35.000 cash, arbeid, dvs. dugnad utgjer ca. 112.000, tippemidlar:

kr. 95.000 (!!)

og resten ca. kr. 48.000 er enno ikkje i boks. Det resterande må vi starte jobbe med når vi får svar frå kulturkontoret i Førde om vi får tippemidlar til prosjektet. Alle signal har gått i positiv lei, så det er vi rimeleg sikre på skal gå i orden. Straks vi får dette tilsagnet, kan vi gå i gang og bygge. Og dermed er vi over på neste punkt.

## Dugnad folkens, dugnad!!

Alt arbeid, i utgangspunktet også elektrisk- og ev. rørleggararbeid, er basert på dugnad. Det blir difor mykje kjekt arbeid framover. Klubbhuset/naustet skal byggast i gamal grindabyggtradisjon, så det blir både interessant og kjekt. Noko av arbeidet førutset at ein har litt erfaring med verktøy, men mykje er og arbeid alle som vil, kan vere med på. Alle medlemmane, og då naturleg nok, særleg dei som bur i Førde-området, må vere førebudde på å bli spurde, men det er og kjekt viss de som bur litt lenger unna, har lyst til å ta turen. Sit du og har lyst til å vere med på dette, er det berre å ta kontakt. Det er Roald som skal koordinere dugnadsgjengen, så det er berre å ta kontakt med han. Faktisk er det veldig inspirerande viss du tar kontakt sjølv. Kjekt og givande blir det heilt sikkert. Vi må sjølv sagt lage litt trivsel rundt jobbinga. Det er berre å glede seg.

**SÅ ALTSÅ: Ta kontakt med Roald, tlf. 57 82 16 05 / 936 67 188 eller**

**E-post: [apalseth@frisurf.no](mailto:apalseth@frisurf.no) for å melde di interesse !!!**

## 6. KURS

### Instruktørkurs

Siste helga i april starta Roald og Rune på Norges Padleforbund sitt opplegg for utdanning av padleinstruktørar. Opplegget går over to helgar. ei helg no i april der vi vart drilla gjennom det vi må kunne. Så skal vi praktisere og øve i løpet av sommaren, og forhåpentlegvis ha lært det vi skal før eksamen til hausten.

### Kurs i regi av SKK

Vi ynskte å ha gjennomført instruktør-opplegget før vi skulle arrangere kurs i vår. Difor blei grunnkurs litt seint på våren i år. Mai er ingen god månad, og første kurset måtte vi avlyse fordi det var for få påmelde. Men siste helga i mai blir det kurs. Dette er no fullbooka, men viss du kjenner nokon som vil vere med på kurs, må du/dei melde frå. Det kan bli aktuelt med eit kurs til dersom vi er sikre på å få nok deltakarar.

## 7. LÅN OG LEIGE AV KAJAKK

På årsmøtet vart det bestemt at det på treningane på torsdagar skal vere gratis å låne kajakk av klubben.

Utanom trening, dvs til turar med klubben og på eiga hand, blei det bestemt å ta ei ettermiddagsleige på kr.50,- og ei døgnleige på kr.100,- (kr.200,- for ei helg).

Inntil klubbhuset blir tatt i bruk, må du ta kontakt med Rune når du vil låne eller leige kajakk.

## 8. TRENING

Treningstida er som før: torsdagar kl.17.30

Frammøtestad er og som før. På stranda vestafor den nye moloen til båtklubben, ved asfaltverket på ytre Øyrane. Ta kontakt med ein i styret om du framleis er usikker på kvar det er.

## 9. TURPROGRAM

Første turen er allereie avvikla. Den gjekk til Runde 10.-12. mai. Det er berre å be om orsaking for at vi ikkje fekk sendt ut info om den.

Men så...

**Hellesylt/Geiranger Laurdag 15. til søndag 16. mai**

Her er litt informasjon:

Vi reiser frå førde kl 9.00 laurdags morgon.

Sjøset kajakkane etter lunch i Hellesylt .

Kan besøka eitt av bruka i Storfjorden før vi reiser til Maltvik i osen til Geirangerfjorden.

Padlar innover mot Geiranger .

**SKK-nytt # 1-mai/2002**

Dette er ein relativt kort tur og vi må ta litt utflukter opp på dei fråflytta bruka i fjorden.  
Skageflå er noko vi berre må besøka.  
Knivsflå er og interessant.

Vi kan setja opp lavvoen ved naustet til Knivsflå, Elles er det veldig bratt i fjorden og ikkje så lett å campa.  
Kanskje vi kan campa i Geiranger ?

Heimreise søndag ettermiddag.

Reidar

### **Bulandet                      Torsdag 15. til søndag 18. august**

Info kjem seinare, men ver oppmerksom på fylgjande: Vi har bestilt både Bualoftet (den ved sjøen) og Gamlestaua. Viss noken ynskjer å bruke Gamlestaua, må du ta kontakt så tidleg så råd. Viss vi ikkje får bestilling av den i god tid, dvs ca. 3 veker før turen, må vi avbestille den slik at Liv Turid kan få leigd den ut til andre. Så familiefolk, ver om dåke!

### **Målet ikkje                      Fredag 6. til søndag 8. september**

bestemt.

Kanskje

Bremanger/Kalvåg

## **10. NYTT BLAD OM PADLING**

Det er no kome eit nytt blad om padling. Første nummeret ser svært bra ut og det har elles fått god mottaking i padle-kretsar. Det er det einaste bladet om padling i Norge. Det har namnet "Padling".

Pris: 2002 (4 utgåver) kr. 150

2002/2003 (4+6 utgåver) kr. 360

Medlemmar av Sunnfjord Kajakklubb (og andre medlemmar i Norges Padleforbund) får 10% rabatt.

Informasjon og bestilling:

Sverre Movinkel-Nilsen

Tlf: 55 30 48 60

Faks: 55 30 48 61

E-post: [sverre@atlanticforlag.no](mailto:sverre@atlanticforlag.no)

## **11. SOMMARLEIR FOR HAVPADLARAR**

Noregs padleforbund inviterer til sommarleir for havpadlarar på Hvaler i Østfold 7.-9. juni

Det er etter det vi forstår eit svært fint padleområde og opplegget inneheld elles demonstrasjonar, innslag av ymse slag og organiserte padleturar. Leverandørar av kajakkar og utstyr er oppmoda om å stille med stands, så der blir sikkert høve til å sjå og prøve litt av kvart.

For meir informasjon, påmelding og fullstendig program, sjå [www.padling.no](http://www.padling.no)

## **12. REFERATSAKER**

## I. ÅRSMELDING FOR 2001

---

### 1. Styre dette året har vore:

Karna Lise Bloch Hanekam  
Laila Hjellvoll  
Reidar Barthel  
Roald Apalseth (nestleiar)  
Rune Berge (leiar)  
Terje Sæle (vara)  
Geir Alden (vara)

### 2. Møteaktivitet

Vi har hatt fem styremøte og tre medlemsmøter.

### 3. Viktige saker

Arbeidet i klubben har i hovudsak vore knytt til fylgjande saker:

- > Organisere fellesturar med overnatting
- > Organisere trening
- > Lære opp nye medlemmar i kameratredning og andre tilhøve kring meistring av kajakken og førebygging av ulykker.
- > Arbeide med realiseringa av prosjektet "Kajakkstsing langs kysten"

### 4. Medlemstal

Samla medlemstal pr. 31.12.2001 var 37, (fire har enno ikkje betalt medlemsavgifta, men dei vil vere med).

Av desse var det 9 kvinner og 28 menn

### 5. Særforbund

Sunnfjord Kajakklubb er medlem av Noregs Padleforbund

### 6. Mottekne midlar

Klubben har søkt på diverse kulturmidlar. Vi fekk som vanleg mindre enn det vi søkte om, men vi kunne likevel glede oss over fylgjande:

- > kr. 3.000,- frå Førde Ølutsal
- > kr. 1.000,- frå Sparebanken Sogn og Fjordane

### 7. Utstyr

Vi kjøpte av Kjartan to kajakkar som byggesett av typen Nordnes. Dei er enno ikkje ferdige, men Tore har sagt seg viljug til å ta eit ansvar for å få det gjort. Som kompensasjon får han fri bruk av kajakkane i sommar.

Vi har og investert i 5 sett våtdrakter, to spruttrekk og to årer.

Det kom ei oppfordring frå Norges Padleforbund om å bidra med utstyr til ein bosnisk padleklubb som hadde mista alt i krigen der. Vi syns å sende to av flatvannskajakkane frå den gamle klubben, var ein verdig sorti for desse kajakkane. Vi har fått tilbakemelding om at utstyret straks blei tatt i bruk.

### 8. Oppgåver for året 2002

Det blir å jobbe vidare med sakene i punkt tre. Vi vil prøve å organisere klubben slik at fleire blir aktiviserte. Vi legg opp til nokre nye turmål i sommar.

Den store saka blir likevel å få realisert bygging av naust.

### 9. Aktivitet

#### Tur

Det har stort sett vore trening kvar torsdag. Relativt liten oppslutnad, men det har vore eit tilbod til dei som har villa og har orka.

Nokre få er heilårspadlarar og har drive på så sant isen ikkje har vore eit hinder.

Vi hadde tre fellesturar, til Solund 11.-13. mai, til Nærøyfjorden 8.-10. juni og til Bulandet 16.-19. august. Vi måtte avlyse turen til Kinn og til Ospa pga. manglande oppslutnad.

Turen til Nærøyfjorden er den som har hatt flest deltakarar. Då var vi med ni

personar.

Alle turane var (som vanleg) svært vellukka. Eit omkvede ein stadig høyrer, er at dei som ikkje er med på desse turane, veit ikkje kva dei går glipp av. Er du ein av desse, så snakk med ein av dei som har vore med. Kanskje dette er noko for deg og.

### **Prosjektet "Kajakksatsing langs kysten"**

Med bakgrunn i erfaringane frå dei første grunnkursar, fann vi ut at vi måtte skaffe båtar til klubben om vi skulle halde fram med kurs. FYK-prosjektet på Fylkeskulturkontoret jobba med å få til aktivitet, og då særleg aktivitet på sida av den vanlege idrettsaktiviteten. Her passa vi fint inn og vi fann fort ut at vi hadde felles interesse av å bygge opp ein lokal kajakkbase. Ut av dette voks prosjektet "Kajakksatsing langs kysten" (SLK). SLK besto av åtte havkajakkar med utstyr og ditto tal våtdrakter. Ein hengar var og med slik at kajakane vart lette å frakte der dei skulle brukast. Med tanke på lagring, er eit naust og med i prosjektet. Kajakane og hengaren vart innkjøpt i fjor, medan naustet står for tur no i vår.

Prosjektet fekk stor merksemd og det vart mogeleg å få støtte frå fleire hald. Desse var:

- > Kulturdepartementet: kr. 100.000,-
- > Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/miljøavdelinga: kr. 17.000,-
- > Sogn og Fjordane idrettskrins: kr. 12.000,-
- > Norges Padleforbund: 15.000,-

Vi fekk og til nokre sponsorar. Desse var:

- > Sparebanken Sogn og Fjordane: 10.000,-
- > FIRDA: 10.000,-
- > Gjensidige NOR: 10.000,-
- > Berge % CO as: 10.000,-

Finansieringa av naustet er enno ikkje i boks, men vi har gode utsikter til å få tippemidlar til dette bygget. Vi arbeider med dette i desse dagar.

## **II. ØKONOMI PR. 31.12.2001**

---

Sunnfjord Kajakklubb rår no over følgjande utstyr:

- > Ein kajakk m/ror: Eskimo K1R m/sitteromstrekk
- > Ein kajakk utan ror: Nordkapp m/sitteromstrekk
- > To kajakkar av typen Nordnes (enno ikkje heilt ferdige)
- > Ein toar-kajakk, ein flatvans-kajakk og ein kano, alle i meir eller mindre dårleg forfatning.
- > Fem årer av ulik type
- > To redningsvestar
- > Åtte sett våtdrakter.

Pga. høvet til å kjøpe billege byggesett av Kjartan, valde vi å ta denne investeringa. Vi var og avhengige av våtdrakter til trening og kurs.

For å få dette til, måtte klubben ta opp lån. Dette vart tatt opp på fleire møter og deltakarane meinte det var ein bra ting å gjere og det vart uttrykt brei vilje til å gi eit lite lån til klubben. For å kome i gang, stilte Rune Berge eit lån i første omgang. Dette skal så fordelast, men dette har gått litt seint og blir først ordna med i desse dagar. Lånet frå Rune er pr. 31.12.01 på kr. 15.060,70. Denne summen er altså det som er nemnt ovanfor pluss nokre mindre utlegg som det ikkje var dekning for. Klubben har uteståande fordringar pålydande kr. 3.750,- pluss medlemskontingent for 2001 som fire ikkje har betalt enno (av folk som vil vere med i klubben, altså ingen tvang)

Viser elles til Balanse- og Resultat-oversikta.

### III. REFERAT FRÅ ÅRSMØTET 21.02.2002

---

1. Årsmelding: Årsmeldinga vart lese opp slik ho førelåg og gjort rede for av Rune. Eit par punkt vart korrigerert/spesifisert muntleg av Rune.
  - Punkt 7: tilleggsopplysning er at klubben også har 1 vest i tillegg til det som vart nemt i årsmeldinga.
  - Punkt 9: treningane blir kl 1730 som før, heile året gjennom.  
Korrigering i.f.h.t Ospa og Kinn turane; desse vart avlyst p.g.a at det passa dårleg for dei som vart interessert, og det var grunnen til den oppslutninga dårleg. Interesse var absolutt tilstades hos medlemmane og mange hadde lyst til å vere med, men tidspunktet passa ikkje.
2. Rekneskap: Det vart ikkje gått gjennom rekneskapet, utan om at den enkelte årsmøtedeltakar hadde høve til å sjå gjennom og komme med spørsmål om dette. Ingen kom med kommentarar til rekneskapet.
3. Budsjett 2002: dette låg ikkje føre då ein del ting fortsatt ikkje var klart i.f.h.t kven som skal eige kva av kajakkutstyret, i.f.h.t FYK. Det nye styret utarbeider eit budsjett når det formelle er klart mellom Sunnfjord kajakkklubb og FYK.
4. Rune informerer om båthus/naustprosjektet, og det ser lyst ut i.f.h.t realisering av dette m t.p den økonomiske biten. Byggestart i april, mesteparten blir gjort på dugnad. Styret og arbeidsgruppa jobbar vidare med å ordne alle formalitetar.
5. Organisering av klubben: Styret har lagt fram eit ønskje om å endre litt på organiseringa innad i klubben. Styret vil stort sett vere oppbygt som før, men ein ønskjer no å opprette undergrupper for bestemte/spesielle aktivitetar i klubben.

Gruppene som styret foreslår er: Ei turgruppe, ei PR/heimesidegruppe og ei materiellforvaltningsgruppe og valnemd.

- Turgruppe: Reidar Barthel (leiar), Roald Apalseth, Laila Hjellvoll og Karna Lise Bloch Hanekam.
- Heimesidegruppe: Roald Apalseth(leiar), Laila Hjellvoll og Terje Hanekam
- Materiellforvaltningsgruppe: Tore Gjelsvik(leiar) og Rune Berge.
- Valnemn: blir utnemnt seinare.

Det var ingen som protesterte og dermed vart dette vedteke. Leiaren for kvar gruppe har møterett på styremøte når aktuelle saker som vedkjem den enkelte gruppa sitt arbeidsområde skal takast opp/diskuterast. Gruppeleiarane har ingen stemmerett.

6. Val: Det nye styret vart valgt inn ved akklamasjon, og vart slik det gamle styret hadde føreslege. Det nye styret for år 2002 :
  - Rune Berge (leiar, som før)
  - Laila Hjellvoll (nestleiar, tidl. styremedl)
  - Terje Hanekam (kasserar, ny)
  - Tove Bjørnseth (ny)
  - Terje Sæle (Tidl. vara)
  - Geir Alden (ny vara)

### IV. Referat frå medlemsmøte 21.02.2002

---

Sakliste:

1. utdanning av instruktørar og gruppeleiarar.
  - a. Det vart informert frå Rune si side om at Roald og Rune er påmeldt instruktørkurs på Nøtterø, det første i sitt slag arrangert av Noregs padleforbund og er eit pilotprosjekt i utdanninga av instruktørar. Det er teori og instruksjon i april og eksamen i august.

- b. Det vart og informert om at styret ønskjer at fleire av klubbens medlemmer kan vere gruppeleiarar på torsdagspadlingane og på dagsturar. Spesiell opplæring til desse blir gitt, då med fokus på redningsteknikkar og ymse forholdsreglar ved turpadling.
2. Informasjon om grunnkurs og havkurs.  
Rune informerte om at det vil bli arrangert grunnkurs på våren. Havkurs, eit vidaregåande kurs med praksis i padling i bølger og vind og elles vidaregåande teknikkar for padling og sikkerheit.
3. Informasjon om treningane framover, ute og i symjehallen.
  - a. Treningane blir som før kvar torsdag kl 17.30 gjennom heile sesongen, med avgang frå asfaltverket. I sommarhalvåret kan det bli aktuelt å reise utover fjorden for å få litt variasjon, men oppmøteplass blir ved asfaltverket og så bestemmer vi i fellesskap om vi skal reise til Naustdal, Hollevik eller andre plasser. Så ver presis!
  - b. Trening i symjehallen er lagt på is fordi Førdehuset krev blodpris for leige av symjehallen. Dei opererer med ein leigepris på 400kr pr. time, og det ser vi oss ikkje råd til. Så foreløbig må vi ståsette oss og trene ute!
4. Info og diskusjon om turprogram for 2001. Forslag til nye tur er velkomne.
  - a. Det vart ytra ønskje om å prøve å finne gode turmål i nærområdet, der det er relativt kort køyreavstand, slik at det går an å vere med på deler av turen, for så å reise heim f.eks på laurdag ettermiddag for å ha litt igjen av helga til å vere saman med familien.
  - b. I tillegg så var det ønskjeleg at det blir informert endå betre om kva ferdigheitsnivå som krevst på dei enkelte turane. Turane til Nærøyfjorden, Solund og til Bulandet, var turar som styret meinte høvde godt for nybegynnarar, med korte dagsetappar, og roleg, skjjerma farvatn om veret vart for ille. Styret meinte vel at vi hadde gitt informasjon om desse turane, og Nærøyfjorden var i så måte også god oppslutnad på, men informasjonen skal bli betre. Satsar på at informasjon om turane kan hentast frå heimesida når ei aktiv turgruppe og ei aktiv heimesidegruppe er oppe og går. Men det må og understrekast at den enkelte medlem sjølv må vere aktiv i å finne ut når det er turar, og å ta initiativ til å spørje ein i styret/turgruppa om det er noko tur på gang, og om kva som krevst for å vere med på dei enkelt turane, om det ikkje er klart ut frå informasjon på heimesida.
  - c. Turmål: Medlemmane vart oppfordra til å komme med forslag til turmål. Vi har allereie booka 12. - 14.april med overnattingstur til Stavøya. Geir har ordna ei kjempeflott hytte med plass til mange, også små familiemedlemmar. Mulegheit for bruk av tresnekke +++ . Området er kjempesupert for padling. Elles så kom det forslag om organisert tur til Runde i mai, med eit mindre verhardt alternativ i tilfelle dårleg ver. Påtroppande turgruppe har notert dette og vil komme tilbake med informasjon om datoar etterkvart. Vi tar og stilling til om vi skal fortsette med den tradisjonelle turen til Bulandet i august.
5. Ymse: Ingen saker
6. Lysbilete: Roald viste nokre lysbilder frå ulike padleturar.

***That was all for now, folkens !!*** .... og so må dåke hugse årsmøtet ....